

KU og ROS for nye areal i kommuneplanen til Masfjorden kommune

Samandrag av dokument av 22.juni 2018 frå Multiconsult

Innhald:

- AK-02 Akvakultur - Laberget
- AN-10 Gocartbane - Åsheim
- AN-11 Turveg Gulen grense til Stokkevika
- NÆ-09 Næringsområde Kvamme

Areal nr: AK-02

Stadnamn: Laberget


Gnr./bnr.: Ikkje aktuelt


Noverande planstatus: Akvakultur og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Forslag til nytt arealføremål: Akvakultur

Storleik: ca. 608 daa

Kart:





Områdeskildring:

Området ligg ope til ut mot Austfjorden. Topografien i området består av bratt skrånande sjøbotn, ned til djup på 670 meter om lag 1 km frå land. Eit djupområde på 650-690 meters djupne strekk seg om lag 10 km i lengderetninga til fjorden like utanfor området. Austfjorden går over i Fensfjorden mot vest, og lenger vest munnar Fensfjorden ut i Nordsjøen. Fensfjorden har ingen definert terskel i fjordmunningen heilt ute ved kysten, og er såleis ein forholdsvis djup og open fjord der ein kan forventa gode straum- og utskiftingsforhold.


Kystområda langs hele norskekysten er delt inn i *vassførekomst*. Hensikta med denne inndelinga er å sikre ei heilskapleg vassforvaltning, og vassførekomstane er først og fremst meint som ei inndeling som danner grunnlag for vurdering av menneskeskapte påverknader. For kvar enkelt vassførekomst er det blitt utført ei risikovurdering i forhold til å oppnå akseptabel miljøstatus, og det skal bestemast økologisk tilstand/potensial og kjemisk tilstand.

Laberget ligg innanfor vassførekomsten *Austfjorden*. I vann-nett er Austfjorden kategorisert med antatt god økologisk tilstand, og utan risiko for at miljømålet ikkje skal nåast innan 2021.

Engesund Fiskeoppdrett AS ønskjer ei utviding av lokaliteten *Laberget*. Dei ser for seg å søka om ei utviding til 2340 tonn MTB, og treng då å utvida AK-området ut mot fjorden mot søraust. Det kom nytt innspel i mai 2018 der dei ønskjer å utvida området ytterlegare, 300 meter mot vest – nordvest. Planen er å nytta store delar av det utvida AK-området til oppdrett av tare i kombinasjon med oppdrett av laks og aure.

Konsekvensutgreiing

Tema:	Verdi:	Påverkna d:	Konsekven s:	Ta l +/ -	Merknad
Kulturminne / kulturmiljø	Liten	Ingen kjent	Ingen kjent	0	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø i området.
Landskap og Estetikk	Liten	Liten negativ	Liten negativ (-)	-1	Området ligg i landskapsområdet <i>Austefjorden</i> , som er gitt verdien <i>vanleg førekomande landskap</i> . Ei utviding av AK-området, med potensiale for eit større anlegg vil generelt visa meir igjen i landskapet.
Strandsona	Liten	Liten negativ	Liten negativ (-)	-1	Eit større oppdrettsanlegg forholdsvis tett på land vil generelt verka negativt på strandsoneverdiane i området, sjølv om det ikkje er registrert spesielle interesser i strandsona nærast anlegget.
Landbruk	Ikkje releva nt	Ingen	Ingen	0	Arealet ligg i sjø, landbruksinteresser er såleis ikkje relevant.
Naturmangfa ld	Middel s	Middels negativ	Middels negativ (--)	-2	AK-området ligg i utkanten av eit større gytefelt for torsk med <i>lokal verdi</i> . Litt lenger inne i fjorden ligg det gytefelt for lange, torsk og hyse. Det er òg kjent at det er eit gyteområde for lange og brosme i området kring Elvika. Kysttorskbestandane langs vestlandskysten har blitt sterkt redusert dei siste åra, og det er viktig å ha ein føre-var haldning i forvaltninga av desse bestandane. Det manglar generelt kunnskap om korleis gyteområde vert påverka av utslepp av organisk materiale frå matfiskanlegg, og korleis egg, larver og juvenil fisk kan bli påverka av eventuelle utslepp av lusemiddel.

					 <p>Naturtypen <i>spesielt dype fjordområder</i> er definert i heile sjøområdet Fensfjorden og Austfjorden. Naturtypen kan vere sårbar for organiske tilførsler og vil kunne bli påverka av tilførsler av organisk materiale frå akvakulturanlegg</p> <p>Det er ingen verna område i nærleiken til AK-området, og det er heller ikkje registrert raudlisteartar innanfor eller i nærleiken av AK-området.</p>
<p>Naturressursar</p>	<p>Middels</p>	<p>Middels negativ</p>	<p>Middels negativ (--)</p>	<p>-2</p>	<p>Det utvida akvakulturområdet ligg tett på eit fiskeområde som ligg inne i kommuneplanen. Dette er eit lokalt viktig område for djupvassfisk, men det er ikkje registrert i kystnære fiskeridata (Fiskeridirektoratet). Plassering av eit akvakulturområde så tett på dette fiskeområdet vil kunna medføre restriksjonar på bruk av den austlegaste delen av fiskeområdet, både på grunn av fiskeforbod og på grunn av at eventuelle fortøyingar frå eit akvakulturanlegg vil kunna koma i konflikt med fisket i området.</p>
<p>Folkehelse</p>	<p>Liten</p>	<p>Liten negativ</p>	<p>Liten negativ (-)</p>	<p>-1</p>	<p>Ei utviding av AK-området vil kunne opne for eit større anlegg, og dermed restriksjonar for fiske og ferdsel for eit større område enn i dag.</p>

Friluftsliv	Liten	Liten negativ	Liten negativ (-)	-1	Området er ikkje registrert som eit regionalt viktig friluftsområde. Det ligger eit regionalt viktig friluftsområde med <i>middels</i> verdi litt lenger ute i fjorden. Ei utviding av AK-området vil likevel gi opning for eit større anlegg, og dermed medføra restriksjonar for fiske og ferdsel for eit større område enn i dag.
Samfunn og Infrastruktur	Middels	Middels positiv	Middels positiv (++)	+2	Ei utviding av AK-området vil potensielt medføra at produksjonen på lokaliteten kan aukast. Dette vil vera positivt for næringslivet i kommunen, og vil auka verdiskapinga i området.
Born og unge	Liten	Ubetydelig	Ubetydelig	0	

ROS-analyse

Moglege hendingar / potensiell fare:

Moglege hendingar/ potensiell fare.	Utløysande årsak til hending, eventuelt kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Utslepp frå anlegget (organisk og utslepp av legemiddel og framandstoff) Potensielt utslepp eller forureining frå brønnbåt, verknadar på kringliggande miljø	
2. Klima og ekstremver	Sterk vind (havari av anlegg)	
3. Beredskap ogulukkesrisiko	Personskade pga fall i sjø, sjukdom på fisk, rømming av fisk	
4. Transport/trafikksikring	Fare for ulukke med båt, brønnbåt	
5. Ras	Ikkje relevant	

RISIKO

	LIV OG HELSE					MILJØ					ØKONOMISK VERDI					
5	1					1					1					SANNSYN
4	2,4	3				4	2,3					2,3,4				
3																
2																
1																
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
KONSEKVENNS																

Avbøtande tiltak og vidare utgreiingsbehov:

Tiltak nr.	Skildring av avbøtande tiltak og/eller utgreiing
1.	Det må søkast konsesjon etter anna lovverk enn pbl, og vurderingar knytt til art, produksjonsteknologi og andre driftsmessige problemstillingar, utsleppsmengd, og lokaliteten sin bereevne vert avklara gjennom denne søknadsprosessen.
2.	Problemstillingane knytt til arealbruk og arealbehovet til akvakulturnæringa er komplekse, og arealbruken i sjø bør avklarast gjennom ein interkommunal plan for sjøområda, der ein kan sjå arealbruken i sjø i ein større samanheng enn for enkeltinnspel.
3.	

Tilråding

Positive konsekvensar:

1. Ei utviding vil potensielt medføra at produksjonen på lokaliteten kan aukast. Dette er positivt for næringslivet i kommunen, og aukar verdiskapinga.
2. Det er generelt positivt å auka produksjonen på nokre, større lokalitetar framfor å spreie produksjonen på fleire mindre lokalitetar.
3. Engesund Fiskeoppdrett har planar om å søka konsesjon for oppdrett av tare på lokaliteten. Taren vil kunne nytta næringsstoffa frå lakseproduksjonen, og dermed redusere konsentrasjonen av næringsstoff i nærområdet.

Negative konsekvensar:

1. Det er negativt for naturmangfald generelt med potensielt auka biomasse og dermed auka utslepp på lokaliteten.
2. Akvakulturområdet ligg tett på eit fiskeområde som ligg i kommuneplanen. Eit større anlegg vil leggja restriksjonar på fiske og ferdsel i eit større område.
3. Eit større AK-område inkludert fortøyningar vil kunna medføra eit auka konfliktpotensiale med fiskeri.

Konklusjon:

Arealet vert tilrådd med bakgrunn i følgjande:

Det er uheldig å ha ein akvakulturlokalitet liggande innanfor eit gytefelt for torsk, sjølv om området ikkje er kategorisert høgare enn med verdi *lokalt viktig*. Kysttorskbestandane langs vestlandskysten har blitt sterkt redusert dei siste åra, og det er viktig å ha ein føre-var haldning i forvaltninga av desse bestandane. Det manglar generelt kunnskap om korleis gyteområde vert påverka av utslepp av organisk materiale frå matfiskanlegg, og korleis egg, larver og juvenil fisk kan bli påverka av utslepp av lusemiddel.

Ei utviding av AK-området vil medføra at eit større område enn før får restriksjonar knytt til fiske og ferdsel, og utvidinga vil verka negativt for friluftsliv i området. Desse konsekvensane er likevel vurdert til å vera små. Plassering av akvakulturområdet så tett på eit lokalt viktig fiskeområde for djupvassfisk, og eit gyteområde for lange og brosme i Elvika er vurdert til å ha middels negativ konsekvens.

Innspelet gjeld ei utviding av eksisterande areal, og lokaliteten er allereie i drift. De siste årene har lokaliteten blitt kategorisert med tilstand *meget god* i miljøundersøkingar (mom-B). Vassførekomsten er registrert med *antatt god* økologisk tilstand. Det er vidare positivt å auke produksjonen på eksisterande lokalitetar framfor å etablere nye lokalitetar i området.

Areal nr: AN-10

Stadnamn: Åsheim



Gnr./bnr.: 26/2

Noverande planstatus: LNFR, støysone

Forslag til nytt arealføremål: Idrettsanlegg, støysone

Storleik: ca. 18 daa

Kart:



Områdeskildring:

Innspelt areal ligg ved skytebanen på Åsheim, som er omfatta av støysone i gjeldande kommuneplan. Kommunen ynskjer å leggja til rette for etablering av gokartbane på staden, då dette vil verta eit

attraktivt fritidstilbod i kommunen. Samlokalisering av støygenererende aktivitetar som skyting og motorsport vil i tillegg vera gunstig. Tryggleik i samband med samlokaliseringa må vurderast og dokumenterast før oppstart med bygging kan godkjennast.

Det innspelte området ligg i gjeldande kommuneplan i eit LNF-område, og ein ynskjer no å endra dette til idrettsanlegg innanfor det raude, markerte arealet på figuren over til høgre. Det vil framleis verta liggjande støysone på området.

Konsekvensutgreiing

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad
Kulturminne/ kulturmiljø	Ingen	Ingen	Ubetydeleg (0)	0	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i eller i nærleiken til området, og tiltaket får soleis ingen påverknad på temaet.
Landskap og Estetikk	Middels	Liten negativ	Liten negativ (-)	-1	Tiltaket ligg i landskapsområdet Åsheim – Meisdalen, som er ein del av dei ytre fjordbygdene på vestlandet. Landskapsområdet er av typen kystfjellldalar, og har middels verdi. Tiltaket vil føra til inngrep i landskapet, sjølv om området er relativt flatt i forhold til kringliggjande terreng. Fjernverknaden er relativt avgrensa med tanke på kringliggjande busetnad, men tiltaket vil verta godt synleg frå dei mange fjelltoppane rundt.
Strandsona	Ingen	Ingen	Ubetydeleg (0)	0	Tiltaket ligg ikkje i strandsona, og vil ikkje vera synleg frå sjø.

Landbruk	Ingen	Liten negativ	Ubetydeleg (0)	0	Området består av jorddekt fastmark og noko skog med middels bonitet. Tiltaket får ikkje konsekvens for temaet.
Naturmangfald	Liten	Liten negativ	Liten negativ (-)	-1	Det er ikkje registrert truga eller anna viktig naturmangfald i eller i nærleiken av området, men tiltaket vil liggja tett på Rørbotselva. Ein er ikkje kjend med naturmangfaldet i elva, men tiltaket må planleggast slik at ein i størst mogleg grad unngår skade på dette, jf. naturmangfaldlova.
Naturressursar	Liten	Liten negativ	Ubetydeleg (0)	0	Størsteparten av planområdet består av jorddekt fastmark, medan ein liten del i nord inneheld blandingskog med høg bonitet. Grunnen i området består av morene, skredmateriale og torv/myr. Det er ikkje potensiale for grunnvatn i lausmassane.
Folkehelse	Liten	Liten negativ	Ubetydeleg (0)	0	Tiltaket ligg i eit område som gjer at støy får minimal påverknad på busetnad. Tryggleiksmessige omsyn er viktige i prosjekteringa av tiltaket, men ei samla vurdering tilseier at konsekvensen for folkehelsa vert ubetydeleg.
Friluftsliv	Middels	Liten negativ	Liten negativ (-)	-1	Meisdalen er registrert som eit viktig friluftsområde, og ein er kjend med at vegnettet i området vert nytta som utgangspunkt for fjellturar. Tiltaket vil føra til noko meir kontinuerleg støy, som kan verke negativt på turopplevingane. Tiltaket i seg sjølve får ikkje direkte påverknad på andre registrerte friluftstinteresser.
Samfunn og Infrastruktur	Liten	Liten positiv	Liten positiv (+)	1	Det er tilkomstveg til området som kan nyttast, og annan teknisk infrastruktur kan

					etablerast etter behov. Etablering av gokartbane gjev kommunen eit nytt tilbod til innbyggjarane, og vil vere eit av mange trekkplaster. Lokaliseringa med flott natur i nærområdet er på mange måtar unik.
Born og unge	Liten	Liten positiv	Liten positiv (+)	1	Gokartbane gjev barn og unge eit nytt tilbod når det gjeld fritidsaktivitetar, og er soleis positivt.

ROS-analyse

Moglege hendingar / potensiell fare:

Moglege hendingar/ potensiell fare.	Utløysande årsak til hending, eventuelt kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Støy, jord, støv	Lyd frå køyring, utslepp i elv og vatn av olje og bensin og støy frå køyring må vurderast i samband med prosjektering av tiltaket.
2. Klima og ekstremver	Elveflaum	Potensiale for flaum i elva må vurderast, då flaum kan få konsekvensar i form av forureining av vatnet og utgraving av banen.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Krasj, utforkøyring, brann	Gokartkøyring kan føra til ulukker, både i form av krasj og utforkøyring dersom tiltaket ikkje vert tilstrekkeleg sikra i prosjekteringa. Eventuelle krasj kan føra til brann og i verste fall eksplosjonar, som igjen kan føra til skogbrann. Tilkomstveg for utrykkingskøyretøy er noko smal, men avstanden til Sandnes er akseptabel.
4. Transport/trafikksikring	Uluke på tilkomstveg, ulukke med gokartar	Tilkomstvegen er noko smal, men vert vurdert som akseptabel. Auka trafikk til staden kan auka risikoen for ulukker på vegen. Uluke med

		gokartar kan førekoma.
5. Ras	Snøskred, jord- og flaumskred	Området ligg delvis i omsynssone for snøskred og for jord- og flaumskred.

RISIKO																
LIV OG HELSE					MILJØ					ØKONOMISK VERDI						
5																SANNSYN
4	2					2					2					
3	1	3, 4	5			4, 5	1, 3			1	3, 4	5				
2																
1																
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
KONSEKVENS																

Avbøtande tiltak og vidare utgreiingsbehov:

Tiltak nr.	Skildring av avbøtande tiltak og/eller utgreiing
1.	Tiltaket må prosjekterast slik at ein unngår utslepp av olje og kjemikaliar i elv og vatn. Dette må sikrast gjennom byggesaksprosessen.
2.	Flaumpotensialet i elva bør kartleggjast, og tiltaket må prosjekterast med tilstrekkeleg flaumsikring.
3.	Det må gjerast naudsynte tiltak for å sikra mot ulukker med gokart og brannfare på omkringliggjande skog og mark.
4.	Ras- og skredfaren bør vurderast, og tiltak dokumenterast i samband med byggesøknad.

Tilråding

Positive konsekvensar:

4. Samlokalisering av støyfølsomme aktivitetar.
5. Gokartbanen vil gi eit nytt fritidstilbod til born og unge i kommunen, og kan vera eit trekkplaster.
6. Området banen er tenkt etablert i ligg i naturskjønne omgjevnadar, og vil danna ei unik oppleving.

Negative konsekvensar:

4. Tiltaket vil verta godt synleg frå kringliggjande fjelltoppar, og støy frå køyringa kan ha påverknad på turopplevinga.
5. Området ligg tett på Rørbotselva, som er registrert med aktsemdområde for flaum. Det må vurderast sikringstiltak for å unngå erosjon og oversvømming av banen, samstundes som konsekvens for naturmangfaldet i elva bør vurderast.
6. Tilkomstveg for utrykkingskøyretøy er vurdert som akseptabel, sjølv om den er noko smal. Det er difor spesielt viktig å visa sikring av banen med omsyn til krasjulucker, utforkøyring og brannfare mot kringliggjande terreng.

Konklusjon:

Arealet vert tilrådd med bakgrunn i at dei negative konsekvensane kan bøtast på gjennom prosjekteringa av tiltaket. Lokaliseringa ved skytebanen er god med tanke på støypåverknad, og etablering av gokartbane gjev befolkninga eit nytt fritidstilbod. Det vert viktig å prosjektera tiltaket med omsyn til elveflaum, ulucker, påverknad på elva og naturmangfaldet i denne, samt brannfare på kringliggjande terreng.

Areal nr: AN-11

Stadnamn: Gulen - Stokkevika



Gnr./bnr.: 1/1

Noverande planstatus: LNF

Forslag til nytt arealføremål: LNF med opning for turveg

Storleik: 7-800 meter lengde

Kart:



Områdeskildring:

Det innspelte arealet ligg på kommunegrensa mot Gulen, vest for Haugsdal. Området er småkupert, og inneheld nokre bratte skrentar. I gjeldande kommuneplan er området avsett til LNFR.

Innspelet handlar om å leggja til rette for turveg frå kommunegrensa til Gulen og til bustadområdet i Stokkevika. Kabel for Modalen – Mongstad – linja gjer at bustadområdet på Gulen-sida av kommunegrensa (Hovden), vil vere naturleg knytt til turstien.

Konsekvensutgreiing

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad
Kulturminne/ kulturmiljø	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg (0)	0	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området.
Landskap og Estetikk	Middels	Liten negativ	Liten negativ (-)	-1	Området ligg innanfor landskapsområdet Rambjørg – Haugsdal, som består av åslandskap og skogsåser, og har middels verdi. Terrenget innanfor mogleg turvegtrasè er småkupert, men det bør vere mogleg å etablera tiltaket utan større fyllingar og skjeringar. Området ligg samstundes godt skjerma for innsyn av kringliggjande terreng.
Strandsona	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg (0)	0	Området ligg ikkje innanfor strandsona, og vert skjerma for innsyn av kringliggjande terreng.
Landbruk	Liten	Ubetydeleg	Ubetydeleg (0)	0	Det er ikkje registrert landbruksareal innanfor området. Haugsdal vest for området ligg i kjerneområde for landbruk, men dette vert ikkje råka av tiltaket.
Naturmangfald	Liten	Liten negativ	Ubetydeleg (0)	0	Det er ikkje registrert viktig eller prioritert naturmangfald i eller i tilknytning til området.
Naturressursar	Middels	Liten negativ	Liten negativ (-)	-1	Området består av barskog, impediment og middels bonitet. Driftsforholda er relativt gode. Grunnen består av tjukk morene i Masfjorden og bart fjell, og

					grunnvasspotensialet er lite.
Folkehelse	Liten	Middels positiv	Middels positiv (+)	2	Tilrettelegging for turveg mellom bustadfelt i området vil vera positivt for folkehelsa, då det gjer naturen meir tilgjengeleg samstundes som det gjer det lettare å la bilen stå. Trafikktryggleiken vert samstundes betre, då ein slepp gåande langs fylkesvegen. Tiltaket er difor positivt for folkehelsa.
Friluftsliv	Liten	Liten positiv	Liten positiv (+)	1	Ein er ikkje kjend med at området vert nytta til friluftslivsaktivitetar. Etablering av turveg skapar betre tilgong til naturen, og kan verke positivt for friluftslivet.
Samfunn og Infrastruktur	Liten	Liten positiv	Liten positiv (+)	1	Etablering av turveg er med på å binda bustadområda saman, og kan føre til færre gåande langs fylkesvegen. Dette vil kunna gjera potensialet for ulukker mindre.
Born og unge	Liten	Liten positiv	Liten positiv (+)	1	Etablering av gangtilkopling mellom bustadområda vil betra trafikktryggleiken, og gjera det lettare for born og unge å treffast.

ROS-analyse

Moglege hendingar / potensiell fare:

Moglege hendingar/ potensiell fare.	Utløysande årsak til hending, eventuelt kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Støy og utslepp i samband med bygging	Bygging av turvegen kan få negative konsekvensar for naturmangfaldet, men sannsynet og konsekvensane er vurdert som små.
2. Klima og ekstremver	Overvatn	Nye harde overflater kan få påverknad på overvasshandteringa, avhengig av materialval.

3. Beredskap og ulukkesrisiko	Skogbrann	Området er skogsett, men tiltaket i seg sjølve vil i liten grad påverke skogbrannfaren.
4. Transport/trafikksikring	Ulukke med mjuke trafikkantar	Trafikktryggleiken på fylkesvegen vert betre.
5. Ras	Ras, snøskred	Området er ikkje registrert med aktsemdområde for ras eller skred.

RISIKO																
LIV OG HELSE					MILJØ					ØKONOMISK VERDI						
5																SANNSYN
4																
3																
2	1, 2, 3, 4				1, 2, 4	3				3	2, 4					
1		5			5					5						
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
KONSEKVENNS																

Avbøtande tiltak og vidare utgreiingsbehov:

Ingen aktuelle.

Tilråding

Positive konsekvensar:

- Etablering av turveg vil binda bustadfelta i området tettare saman, og vil bidra til ei samling av oppvekstmiljø for born og unge.
- Tiltaket får små negative konsekvensar for nærområdet, og gjer naturen meir tilgjengeleg for ålmenta.
- Etablering av turveg er positivt for folkehelsa, då det gjer det mogleg for fleire å la bilen stå.
- Trafikktryggleiken vert betre, ved at ein får skild bilar frå gåande og syklende.

Negative konsekvensar:

- Terrengingrep i eit landskapsområde med middels verdi.

8. Delar av traseen ligg i eit område som inneheld barskog med middels bonitet.

Konklusjon:

Arealet vert tilrådd, med bakgrunn i følgjande:

Turveg gjer det tryggare for gåande og syklande å bevega seg mellom bustadområda på tvers av kommunegrensa, og gjer naturen meir tilgjengeleg. Ved å skilja gåande og syklande betrar ein samstundes trafikktryggleiken på fylkesvegen, då ein unngår uoversiktlege situasjonar med gåande langs vegen. Turvegen er i tillegg positiv for folkehelsa og miljøet, då den stimulerer til aktivitet og til å la bilen stå.

Areal nr: NÆ-09

Stadnamn: Kvamme



Gnr./bnr.: 32/7

Noverande planstatus: LNFR

Forslag til nytt arealføremål: Næringsbygningar

Storleik: ca. 17,2 daa

Kart:




Områdeskildring:


Området ligg sør for Bruvika på Kvamme, og inneheld myr, noko open fastmark og lauvskog med høg bonitet. Det er ikkje registrert truga eller anna viktig naturmangfald innanfor området, og ein kjenner ikkje til at det vert drive aktivitetar knytt opp mot friluftsliv på staden. Tilkomsten til området er via eksisterande veg frå Fv. 570 i aust.

Eigedommen arealinnspelet ligg på er kommunalt eigd, og kommunen ynskjer difor å setja det av til næringsareal. Arealet vert då som ei forlenging av eksisterande næringsområde i nord, og utvidinga gjer det mogleg for nye næringsaktørar å etablera seg i området. Området ligg sentralt til, med god tilkomst frå Fv. 570 og kort avstand til Sandnes i nord.

Konsekvensutgreiing

Tema:	Verdi:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad
Kulturminne/ kulturmiljø	Liten	Liten negativ	Ubetydeleg (0)	0	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-bygningar i området. Ein er heller ikkje kjend med kulturmiljø i nærområdet som vert påverka visuelt eller i form av støy som følgje av tiltaket.
Landskap og Estetikk	Liten	Liten negativ	Liten negativ (-)	-1	Tiltaket ligg i landskapsområdet Sandnesosen, som er eit vanleg førekomande landskap med middels breie fjordløp. Landskapsområdet omfattar store delar av landarealet langs den ytre delen av Masfjorden, og er kjenneteikna av storskala fjordmunning, typisk overgang mot indre fjordløp. Terrenget innanfor det innspelte området stig slakt, til Masfjorden å vere, frå vest mot aust. Det brattaste partiet ligg i aust. I vest ligg det ei myr mot eksisterande veg og næringsområde. Nye tiltak i området vil verta synleg frå sjø, men fjernverknaden vil verta dempa av eksisterande busetnad og det høgare terrenget i bakkant.

					Etablering av næringsbygningar vil ikkje bryta med hovudelementa i landskapsområdet.
Strandsona	Liten	Liten negativ	Liten negativ (-)	-1	Den vestlege delen av området ligg innanfor 100-metersbeltet frå sjø. Det er ikkje kartlagd funksjonell strandsona på staden. Ned mot sjø er området utbygd med to hytter, kai og naust, og terrenget er relativt bratt enkelte stader. Ein kjenner ikkje til at strandsona vert nytte til ålmenn ferdsle og aktivitetar.
Landbruk	Ingen	Ingen	Ubetydeleg (0)	0	Området inneheld ikkje jordbruksareal. Sør for det innspelte arealet ligg det noko fulldyrka jord, men dette vert ikkje påverka av innspelet. 
Naturmangfald	Liten	Liten negativ	Liten negativ (-)	-1	Det er ikkje registrert truga eller anna viktig naturmangfald i eller i nærleiken av området. Bygging har alltid ein viss negativ påverknad på naturmangfaldet, men kjente registreringar vert ikkje råka.
Naturressursar	Liten	Liten negativ	Liten negativ (-)	-1	Området inneheld lauvskog med høg og middels bonitet. Ståande skog er i hovudsak ungskog, og det vert ikkje drive aktivt med uttak av tømmer.

					 <p>Det er ikkje registrert grunnvassbrønner i området, og grunnen består av morene. Det er ikkje potensiale for grunnvatn i lausmassane.</p>
Folkehelse	Liten	Liten negativ	Ubetydeleg (0)	0	Området vert i liten grad nytta i dag, og potensialet for rekreasjon og leik er vurdert som lite på grunn av lokalisering ved eksisterande næringsområde og fylkesveg. Etablering av næring kan få konsekvensar for nærområdet i form av støy og eventuell lukt, men dette gjeld i utgangspunktet berre for to fritidseigedommar. Støy- og luktutfordringar må handterast i byggesaken.
Friluftsliv	Liten	Ingen	Ubetydeleg (0)	0	Ein er ikkje kjend med at området vert nytta til friluftslivsaktivitetar, og potensialet for dette er lite som følgje av lokalisering tett på eksisterande næringsområde og fylkesveg. Heile den ytre delen av Masfjorden er i sjø kartlagd som viktig friluftsområde, men tiltaket vil ikkje få konsekvensar for dette.
Samfunn og Infrastruktur	Middels	Middels positiv	Middels positiv (++)	2	Tilkomsten til området er via eksisterande veg frå Fv. 570 i aust, og denne er vurdert som akseptabel for ny utbygging. Vatn og straum til eksisterande næringsområde kan nyttast.

					Tilrettelegging for næringsareal er positivt for næringsutviklinga i kommunen, og arealet er vurdert som godt eigna sidan infrastrukturen er på plass og lokaliseringa er sentral. Tilrettelegging for næringsverksemd er positivt for utviklinga i kommunen.
Born og unge	Ingen	Ingen	Ubetydeleg (0)	0	Området vert ikkje nytta av barn og unge, og er ikkje del av viktig leike- eller opphaldsareal knytt til bustader i nærområdet.

ROS-analyse

Moglege hendingar / potensiell fare:

Moglege hendingar/ potensiell fare.	Utløysande årsak til hending, eventuelt kombinasjon av årsaker.	Merknader, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Grunnforureining, støy, lukt	Etablering av næringsverksemd kan føre til auka støy, og potensiale for utslepp i grunn og lukt. Nye bygningar må oppfylle krav til støy på naboeigedommar.
2. Klima og ekstremver	Flaum, vind	Området inneheld myr, men ein kan oppnå god avrenning mot sjø og omkringliggjande terreng. Ikkje meir vindutsett enn normalt i kommunen.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Skogbrann, alvorleg akutt sjukdom eller ulukker	Området rundt er delvis skogdekt, og nye tiltak kan føra til auka fare for skogbrann. Potensiale for ulukker knytt opp til næringsverksemd. Tilkomst for utrykkingskøyretøy er god, og avstanden er kort til blant anna Sandnes (brann).
4. Transport/trafikksikring	Ulukker i avkøyrsla	Avkøyrsla frå fylkesvegen er vurdert til å ha akseptabel standard, men ulukker kan skje som følgje av trafikkauke.

5. Ras	Snøskred og steinsprang	Området ligg i aktsemdområde for snøskred og steinsprang. Bygningar må dimensjonert for å tole eventuelle skred, og dette må sikrast i byggesak. Fjellet i aust har ei høgd på om lag 390 moh, noko som gjer at det ikkje er snøsikkert i lengre periodar.
--------	-------------------------	--

RISIKO																
LIV OG HELSE					MILJØ					ØKONOMISK VERDI						
5															SANNSYN	
4																
3	2		5			2, 5					2	5				
2	1	3, 4			4	1, 3				1	3, 4					
1																
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4		5
KONSEKVENNS																

Avbøtande tiltak og vidare utgreiingsbehov:

Tiltak nr.	Skildring av avbøtande tiltak og/eller utgreiing
1.	Tiltak må prosjekterast slik at ein får ei god handtering av overvatn. Drenering og fylling av myr på gjerast på ein slik måte at ein unngår setningar i grunnen.
2.	Dimensjonering og plassering av bygningar med omsyn til ras må vurderast og dokumenterast i samband med byggesak.

Tilråding

Positive konsekvensar:

- Næringsutvikling er positivt for kommunen, og infrastrukturen i området er på plass og av akseptabel standard.
- Eigedommen er kommunalt eigd, og det er positivt å utvida eksisterande næringsområde framfor å leggja til rette for flekkvis utbygging.

13. Området vert ikkje nytta til aktivitet eller opphald i dag, og nye tiltak får konsekvensar for eit avgrensa område og antal bustader/fritidsbustader.

Negative konsekvensar:

9. Delar av området ligg innanfor 100-metersbeltet frå sjø, og nye tiltak vil til ei viss grad visa igjen i terrenget.
10. Området inneheld skog med høg bonitet, og eit myrområde som kan skapa utfordrande overvasshandtering og grunntilhøve.

Konklusjon:

Arealet vert tilrådd, med bakgrunn i store positive konsekvensar for samfunnet og verdiskaping, og generelt få og små negative konsekvensar.

Tiltaket gjer at ein får utnytta ei kommunal tomt som i dag ikkje vert nytta til verken rekreasjon, opphald eller andre aktivitetar. Tiltaket får konsekvensar for eit avgrensa antal bustader og fritidsbustader, samstundes som ein får utnytta myrområdet til samfunnsnyttige funksjonar. Tilrettelegging for næringsutvikling er positivt for kommunen, og er spesielt gunstig i eit område tett på fylkesvegen og der den tekniske infrastrukturen er på plass.